



Stian Sebastian F. Enæs har no fagbrev som maskinkøyrar.

**Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø gjekk i går opp til fagprøven som maskinførar, og det før han er fylt 20 år. Etter eit år på vidaregåande skule på Os og to år i lærebedriften Byggservice AS kan Stian Sebastian kalla seg maskinførar. Svenneprøven med diplom er rett noko ikkje overlevert enno, men det vert gjort med det fyrste.**

Fagprøven vart gjennomført på Os. Oppgåva Stian Sebastian fekk var å laga eit stykke veg frå grunnen av med rett fall, stigning, utlegging av massar og finarbeid til slutt. Tildelt tid var vel 8 timar. Han måtte bruka innleigd maskin og utstyr. Laser hadde han med sjølv.

Stian Sebastian har i Byggservice vore med på mange interessante prosjekt, det meste kaiarbeid og arbeidet med nye kraftstasjonar. Arbeidet med Folgefonna Nasjonalparksenter og kaien i front har vore lærerikt. Det same må ein sei om arbeidet i den bratte Hauglandslia med framføring av røyr til kraftstasjonen i Tverrelva. Anleggsarbeid i bratt lende krev mykje for å ivareta sikkerheten. Ein må vera viss på at ein har godt grep og at ikkje steinar og lausmassar kjem mot maskinen.

Stian Sebastian vonar på fast arbeid i Byggservice AS, ei lærebedrift som har gjort det beste for lærlingen sin.

Tekst: Kristian Bringedal  
Foto: Byggservice AS  
Nett: Thor Inge Døssland